

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	21.12.2011	187/11	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FA-B11	Arkivsaknr: 11/981 -2
--------------------------	---------------	-----------------------

Høring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskulelov

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.10.2011	Det kongelige kunnskapsdepartement	Høring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskulelov
3	I	04.11.2011	Kommunenes Sentralforbund	Kommunenes Sentralforbund - høring om nasjonal føresegn om lærartettleik i grunnskulen
4	I	09.12.2011	Utdanningsforbundet Austrheim	Høyringsuttale til endringar i opplæringslova, lærartettleik

Dok.dato	Vedlegg	Dok.ID
09.12.2011	Høyringsuttale til endringar i opplæringslova, lærartettleik	49573
05.10.2011	Høring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskulelov	47784
08.11.2011	Kommunenes Sentralforbund - høring om nasjonal føresegn om lærartettleik i grunnskulen	48731

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre sender fylgjande høyringsinnspel til sak om endringar i opplærings- og privatskulelov om lærartettleik m.m.

Høyringsuttale om forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova – nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen m.m.

I høringa vert ein beden om å ha innspel på desse punkta:

- Innføre nasjonale bestemmelsar om lærertettleik i grunnskolen.
- Innføre lovbestemmelse som klargjer at skuleeigar kan organisere særskilde innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklige elever.
- Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Austrheim kommune har fylgjande innspel i høringa:

1. **Nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen.**
Austrheim kommune er av den meining at dersom det skal innførast endringar i grunnskulen, må det visast til forskning som understøttar at det er ei riktig endring.

Den høyringa det er vist til i notatet, viser ikkje at det er noko samanheng mellom auka lærartettleik og auka læringsresultat.

Vi vil mellom anna visa til John Hattie sine oppsummerande internasjonale studiar frå 2009 som omfattar ca. 50 000 mindre studiar basert på eit grunnlagsmateriale på over 80 millionar elevar. Hattie konkluderer med at det er læraren sine kvalitetar som er viktige. Læraren si evne til å vere tydeleg og læraren si evne til å skape gode relasjonar med elevane er sentrale kvalitetar. Tal lærarar pr. elev har ikkje statistisk synbar effekt.

I høyringsnotatet vert det vist til at dersom det vert gjennomført ein reduksjon i gjennomsnittleg gruppestørleik, vil det føre til auka behov for lærarar i sentrale bykommunar. Departementet skriv og at i dagens arbeidsmarknad kan endringa føre til at distriktskommunar vil måtte tilsetje fleire ufaglærte lærarar. Dette er ei så uheldig side ved ei slik reform at berre av denne grunn bør reforma ikkje gjennomførast. I St. meld 11(2008-2009) vert det rekna med eit underskot på minst 12 000 lærarar i 2020. Viss ein innfører reglar for auka lærartettleik, vil dette føra til endå større underskot på lærarar. Når innføringa vil føra til større behov for lærarar i sentrale store bykommunar, kan dette føra til eit endå større underskot av lærarar i distrikta.

Austrheim kommune støttar ikkje ei endring i bestemmelsane om lærartettleik.

2. Innføringstilbod for nyankomne minioritetspråklege elevar.

Austrheim kommune er einig i at det bør vera høve til å organisera den første opplæringa av minioritetspråklege elevar i særskilte innføringstilbod på annan stad enn nærskulen. I den grad dagens lovtekst ikkje tillet dette, er Austrheim kommune einig i den føreslegne endringa. Dette kan gi høve til å organisera nyankomne elevar med minioritetspråkleg bakgrunn i eigne klassar inntil dei har fått tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgja ordinær læreplan. Lovendringa vert støtta.

3. Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon. (ASK).

Austrheim kommune støttar at det vert innført lovendringar og gitt presiseringar for at eleven som har eit slikt behov skal ha rett til det.

Behandling i Kommunestyret 21.12.2011:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-187/11 Vedtak:

Austrheim kommunestyre sender fylgjande høyringsinnspel til sak om endringar i opplærings- og privatskulelov om lærartettleik m.m.

Høyringsuttale om forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova – nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen m.m.

I høyringa vert ein beden om å ha innspel på desse punkta:

- Innføre nasjonale bestemmelsar om lærertettleik i grunnskolen.
- Innføre lovbestemmelse som klargjer at skuleeigar kan organisere særskilde innføringstilbod for nyankomne minoritetspråklige elever.
- Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande

Austrheim kommune har fylgjande innspel i høyringa:

1. Nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen.

Austrheim kommune er av den meining at dersom det skal innførast endringar i grunnskulen, må det visast til forskning som understøttar at det er ei riktig endring. Den høyringa det er vist til i notatet, viser ikkje at det er noko samanheng mellom auka lærartettleik og auka læringsresultat.

Vi vil mellom anna visa til John Hattie sine oppsummerande internasjonale studiar frå 2009 som omfattar ca. 50 000 mindre studiar basert på eit grunnlagsmateriale på over 80 millionar elevar. Hattie konkluderer med at det er læraren sine kvalitetar som er viktige. Læraren si evne til å vere tydeleg og læraren si evne til å skape gode relasjonar med elevane er sentrale kvalitetar. Tal lærarar pr. elev har ikkje statistisk synbar effekt.

I høyringsnotatet vert det vist til at dersom det vert gjennomført ein reduksjon i gjennomsnittleg gruppestørleik, vil det føre til auka behov for lærarar i sentrale bykommunar. Departementet skriv og at i dagens arbeidsmarknad kan endringa føre til at distriktskommunar vil måtte tilsetje fleire ufaglærte lærarar. Dette er ei så uheldig side ved ei slik reform at berre av denne grunn bør reforma ikkje gjennomførast. I St. meld 11(2008-2009) vert det rekna med eit underskot på minst 12 000 lærarar i 2020. Viss ein innfører reglar for auka lærartettleik, vil dette føra til endå større underskot på lærarar. Når innføringa vil føra til større behov for lærarar i sentrale store bykommunar, kan dette føra til eit endå større underskot av lærarar i distrikta.

Austrheim kommune støttar ikkje ei endring i bestemmelsane om lærartettleik.

2. Innføringstilbod for nyankomne minioritetsspråklege elevar.

Austrheim kommune er einig i at det bør vera høve til å organisera den første opplæringa av minioritetsspråklege elevar i særskilte innføringstilbod på annan stad enn nærskulen. I den grad dagens lovtekst ikkje tillet dette, er Austrheim kommune einig i den føreslegne endringa. Dette kan gi høve til å organisera nyankomne elevar med minioritetsspråkleg bakgrunn i eigne klassar inntil dei har fått tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgja ordinær læreplan.

Lovendringa vert støtta.

3. Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon. (ASK).

Austrheim kommune støttar at det vert innført lovendringar og gitt presiseringar for at eleven som har eit slikt behov skal ha rett til det.

Særutskrift sendt:

Dato: 28.12.2011 **Sign:**

Det kongelige kunnskapsdepartement

1. Saka gjeld:

Kunnskapsdepartementet har sendt eit framlegg til endring i Opplæringslova på høyring om å innføre ein nasjonal minstestandard for lærartettleik. Høyringsfristen er sett til 3.januar 2012. I tillegg er det framlegg om å endra lova slik at kommunen kan organisera tilbod til nyankomne minoritetsspråklege elevar i eit samla tilbod. Det er og framlegg til lovendingar for å sikre at elevar som har behov for heilt alternative former for kommunikasjon (AKS) skal ha rett for ei opplæring basert på dei naudsynte hjelpemidlane.

2. Saksopplysningar:

Det er forslag om to modellar for lærartettleik:

1. Maksimumsgrense for tal elevar per lærar på kvar skule.
2. Maksimumsgrense på kommunalt nivå, der skulane kan ha forskjellig ressurs.

Departementet skriv at ” kommunene vil bli kompensert for merutgifter ved innføring av en nasjonal bestemmelse om lærertetthet.”

3. Vurdering:

Oversynet over elevar på kvart trinn i Austrheimskulen inneverande skuleår viser:

	Årås	Kaland	Sum	18-20-22 gjev "klassar"
1. årssteg	22	10	32	2
2. årssteg	20	14	34	3
3. årssteg	23	12	35	3
4. årssteg	26	18	44	3
5. årssteg	23	20	43	3
6. årsteg	27	13	40	2
7. årssteg	21	20	41	3
Sum 1.- 7. årssteg	162	107	269	
8. årssteg	23	13	36	2
9. årssteg	28	12	40	2
10. årssteg	28	20	48	3
Sum 8.- 10. årssteg	79	45	124	26
Sum elevar ved skolen	241	152	393	

Til saman er det 38,69 lærarårsverk i Austrheimskulen.

Høyringsnotatet legg fram modellar som fører til auka tal lærarar når elevtalet på kvar klasse er på:

- 20-22 elevar på 8.-10. trinn
- 20 elevar på 5.-7. trinn
- 15-18 elevar på 1.-4-trinn.

Ei slik endring fører ikkje til automatisk klassesdeling på skulane, det er den samla lærarressursen som er utslagsgjevande. Denne ressursen kan utnyttast fleksibelt i kommunen eller skulen.

Utfordringar i høve til framlegget:

1. Forsking det er vist til, konkluderer med at det ikkje påvist direkte samanheng mellom lærartettleik og læringsresultat. Derimot er det påvist ein viss samanheng mellom lærartettleik og læringsresultat for marginale grupper. Mellom anna gjeld dette for elevar med foreldre som har lågt utdanningsnivå og elevar på dei lågaste trinna.
2. Den føreslegne endringa vil føre til eit auka behov for lærarar i store sentrale bykommunar. Dei store kommunane vil få tilført meir midlar enn mindre landkommunar ved ei slik endring.
3. Det vil vere større behov for lærarar i skulen. Noreg har høg lærardekning samanlikna med andre land. Mindre kommunar vil truleg få større problem med å rekruttere lærarar. Det er usikkert kva Austrheim sin situasjon vil bli i dette biletet. Det vert argumentert med at skular kan enda opp med å mellombels tilsetje lærarar utan godkjent utdanning på grunn av det auka behovet for lærarar.
4. Finansieringa av tiltaket vil bli vidareført i budsjettet kvart år. Korleis dette vil slå ut i kommunebudsjettet i åra framover, er det vanskeleg å fastsetje no. Det kan stillast spørsmål om finansieringa vil bli ført vidare i tilstrekkeleg grad.
5. Dersom det skal opprettast mindre klassar enn det som er i kommunen no, vil både Årås og Kaland skule få ei utfordring i høve til talet på klasserom.

Positive konsekvensar for Austrheim kommune i høve til høyringsframlegget:

1. Høgare lærartettleik vil føre til betre arbeidsforhold for den einskilde lærar. Dette er positivt for lærarane sin arbeidssituasjon. Fleire lærarar kan gje handlingsrom for å styrke skulen i høve til organisering og tiltak for elevgrupper.
2. Forslaget er ei styrking av skulen totalt sett.
3. Det vil følgje med ressursar til gjennomføringa av tiltaket.

Rådmannen meiner det ikkje bør innførast ytterlegare detaljbestemmelsar for ressursar i skulen. Det må vera det enkelte kommunestyre som etter ei grundig vurdering avgjer kvar ressursane skal nyttast. I innleiinga i høyringsnotatet er det ein grundig gjennomgang av det som finst av forskning på verknaden av auka lærartettleik. Det er lite forskning som kan påvisa ein samanheng mellom tal lærarar og læringsresultat. For marginale grupper som barn av foreldre med låg utdanning, og spesielt på dei første klassestrinna er det ein mogleg samanheng. John Hettie seier at det ikkje er noko samanheng. Ei innføring av nasjonale bestemmelsar for lærartettleik vil føra til at spesielt store byar som Oslo vil få eit auka behov for lærarar. Med andre ord kjem auken av lærarar i område der det bur mange barn med høgt utdanna foreldre.

Det er i debatten om denne reforma særleg peika på at ein bør innføra bestemmelsane på ungdomstrinnet. Dette står i motsetnad til den forskinga det er vist til. Den seier at det kan sporast ein samanheng på dei lågaste trinna.

Rådmannen vil ikkje støtta lovendringane om lærartettleik. Rådmannen vil støtta forslaget om endring på dei to andre område det er tale om, lovendringa som gjev høve til å organisera

nyankomne minoritetsspråklege elevar særskilt og lovbestemmelsar for opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK).

4. Konklusjon:

Rådmannen tilrår å gje denne uttalen:

Høyringsuttale om forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova – nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen m.m.

I høyringa vert ein beden om å ha innspel på desse punkta:

- Innføre nasjonale bestemmelsar om lærertettleik i grunnskolen.
- Innføre lovbestemmelse som klargjer at skuleeigar kan organisere særskilde innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklige elever.
- Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Austrheim kommune har fylgjande innspel i høyringa:

1. Nasjonal bestemmelse om lærartettleik i grunnskulen.

Austrheim kommune er av den meining at dersom det skal innførast endringar i grunnskulen, må det visast til forskning som understøttar at det er ei riktig endring. Den høyringa det er vist til i notatet, viser ikkje at det er noko samanheng mellom auka lærartettleik og auka læringsresultat.

Vi vil mellom anna visa til John Hattie sine oppsummerande internasjonale studiar frå 2009 som omfattar ca. 50 000 mindre studiar basert på eit grunnlagsmateriale på over 80 millionar elevar. Hattie konkluderer med at det er læraren sine kvalitetar som er viktige. Læraren si evne til å vere tydeleg og læraren si evne til å skape gode relasjonar med elevane er sentrale kvalitetar. Tal lærarar pr. elev har ikkje statistisk synbar effekt.

I høyringsnotatet vert det vist til at dersom det vert gjennomført ein reduksjon i gjennomsnittleg gruppestørleik, vil det føre til auka behov for lærarar i sentrale bykommunar. Departementet skriv og at i dagens arbeidsmarknad kan endringa føre til at distriktskommunar vil måtte tilsetje fleire ufaglærte lærarar. Dette er ei så uheldig side ved ei slik reform at berre av denne grunn bør reforma ikkje gjennomførast. I St. meld 11(2008-2009) vert det rekna med eit underskot på minst 12 000 lærarar i 2020. Viss ein innfører reglar for auka lærartettleik, vil dette føra til endå større underskot på lærarar. Når innføringa vil føra til større behov for lærarar i sentrale store bykommunar, kan dette føra til eit endå større underskot av lærarar i distrikta. Austrheim kommune støttar ikkje ei endring i bestemmelsane om lærartettleik.

2. Innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklege elevar.

Austrheim kommune er einig i at det bør vera høve til å organisera den første opplæringa av minoritetsspråklege elevar i særskilte innføringstilbod på annan stad enn nærskulen. I den grad dagens lovtekst ikkje tillet dette, er Austrheim kommune einig i den føreslegne endringa. Dette kan gi høve til å organisera nyankomne elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn i eigne klassar inntil dei har fått tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgja ordinær læreplan. Lovendringa vert støtta.

3. Innføre lovbestemmelsar om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon. (ASK).

Austrheim kommune støttar at det vert innført lovendingar og gitt presiseringar for at eleven som har eit slikt behov skal ha rett til det.